

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 18

Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Dalsfjord

Emne: Juletre og julehalm

Bygdelag:

Oppskr. av: Sverre Lyngnes

Gard: Steinsvik

(adresse): Steinsvik på S.

G.nr. 131 Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):  
Eiga røynsle, og ved spurnad med gamle folk.

## SVAR

1. Juletre er no heilt vanleg i bygda her.
2. Det var i 1880 åra det kom i bruk først.
3. Alt tidlegare, det kunne vera kring 1850/60 såg folket her juletre for første gong. Det var i prestegarden då dei som skikken var, var dit med "sending" (julemat) mellom otte- og dagpreika. ~~Etter det kom~~ Noko seinare var der juletre i kyrkja. Og etter dette seig skikken jamt og seint utover grendene.
4. Juletre var i bruk på julefestar før det vart ålment i heimane.
5. Sjølv om ein no har juletre, brukar ein gjerne å pynte storstova med grønne kvister (gran eller kjøpt kristtorn) på vegger, ved lyskjelder. Det er sikkert at slik var det bruka før enn ein tok til med juletre og.
6. Svara på ovanfor.
7. Der det er born, skal det rekka omlag til loftet. Barnlause brukar eit mindre tre, gjerne på eit bord. - Her må vi nemne skikken med "Veslejuletre". Ei vike eller to før jul skal borna få eit lite juletre. Det bør helst ikkje vera fint. Dette leikar dei jul med i dagane til jula kjem.
8. Juletreet er pynta med glitter, flagg, bomull, papirkorger glasspir eller stjerne i toppen, og mange lys. Vi kan nemne at juletrepynten vert vel gøymd frå år til år, og kan vara nokså lenge.
9. Born og vaksne ~~gi~~ hjelpest åt med pyntinga.
10. Delvis svara på. Der det er born, må treet stå på golvet.
11. Julelysa brenn julekvelden, vert tende omlag kl 18 når ein har ete steika, eller når dei som steller fjøsen kjem att derfrå. Og seinare i jula når det er julelag, nyttarskvelden.

11. Alle i huset må vera med å gå kring treet, og ein syng både slmar og julesongar.
  12. Juletreet står inne til det tek til å "rynje" d. vs. misser nåelene av varmen, kan vera til ut i midten av januar eller lenger.
  13. Ein berre "tek ut" juletreet. Stundom må borna få gå litt rundt før ein gjer alvor av utkastinga. Og stundom set dei det opp ute og held fram der.
  14. Juletreet skal vera av gran.
  15. Her har alltid vore god tilgang på unge grantre, men ein kjenner til at ein har laga juletre av einer.
  16. Ukjent.  
Juleneket hengde ein helst i tuntreet, eller eit tre nær husa.
1. Det er ukjent med halm på golvet i jula. Derimot var det for 30-40 år sia vanleg med finhakka einer.
  2. Fell burt.
  3. do
  4. Einast skikk om julehalm er at det skulle ny halm i alle senger. No er det mest ~~hæil~~ heilt slutt med halm i sengene då dei fleste har madrasser.